



Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen As
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/5849 - 22/71615

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
22.09.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 188/384 , 188/416 og 188/421 Gjervik ytre

Tiltak: Bustadbygg
Byggjestad: Gbnr: 188/384
Tiltakshavar: Orion Prosjekt As
Ansvarleg søkjar: Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 08.07.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Erklæring med samtykke frå heimelshavar.
Orion Prosjekt AS er tiltakshavar. Det ligg føre erklæring med samtykke frå eigar av gbnr 188/421 til å planlegga og gjennomføra tiltak på eigedomen. Det må også innhenta samtykke frå eigar av gbnr 188/384 og 188/416, der Kvasnesvegen 33 AS er eigar.
2. Dokumentasjon på om parkeringskravet er oppfylt.
Det går fram av føresegn 3.1.9 at parkeringskravet for bustadar er 1,2 for bil og 2 for sykkel per 100 m² bruksareal. Det er oppgitt i søknaden at det er etablert 87 parkeringsplassar for bil og 140 sykkelplassar. Vi er usikre på om parkeringskravet er oppfylt og ber om at det vert send inn ei oppstilling som dokumenterer dette.
3. Dokumentasjon på at krav til lyskjelder på fasade, fortau/garar og uterom er oppfylt.
Det går fram av føresegn 1.8.1 at det er krav til dokumentasjon av lyskjelder på fasade, fortau/gater og uterom, jf. Gatebruks- og lysplan i pkt 1.9.4 og utforming gav offentlege byrom i pkt 1.95 ved innsending av søknad om rammeløyve. Vi kan ikkje sjå å ha mottatt slik dokumentasjon og ber om at den vert ettersend.
4. Arealrekneskap for bustadar og uteopphaldsareal.
Kommunen legg til grunn at krava til storleik på bustad og uteopphaldsareal er oppfylt slik det er opplyst i søknaden, men ber om at det vert send inn arealrekneskap som dokumenterer dette.

5. Det går fram av reguleringsplanen pkt. 2.3.1 b) at det må liggja føre godkjend teknisk plan for veg, vatn og avløp før det kan gjevast rammeløyve, jf. pkt. 1.9.2. Vi forstår at tekniske vegplan ikkje er godkjend per no. Søknaden kan ikkje takast til behandling før teknisk vegplan ligg føre.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **20.10.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Varsel om utvida saksbehandlingstid:

Det er søkt om avkøyringsløyve frå kommunal veg. Søknaden vil verta behandla av Samferdsel, veg-, vatn- og avløp-forvaltning saman med/parallelt med teknisk plan for veg. Det kan derfor vera behov for å forlenga saksbehandlingstida med den tid det tek å behandla søknaden om avkøyringsløyve.

Avgjerda er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 21-5, jf. byggesaksforskrifta SAK10 § 7.3. 1. ledd.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Orion Prosjekt As	Postboks 449 Nesttun	5853	BERGEN
-------------------	----------------------	------	--------

Mottakarar:

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen As	Hagellia 6	5914	ISDALSTØ
--	------------	------	----------